



Historikk

Menighetssalen i Hemsedal ble vigsla i mars 1954, og var da lokalisert i en sal i underetasjen på Bygdaheimen. Denne hadde og eit godt og egneleg kjøkken. I 1977 måtte denne vike plass for utbygging av Bygdaheimen da kommunen trengte lokalene til helsestasjon og legekontor, og kommunen lova kyrkja ny menighetssal. Diskusjonar om ny plassering av menighetssal ble satt i gang. Samstundes som dette skjedde, melde Hemsedal barne- og ungdomsskule behov for auka undervisningsareal. Ein såg då at ein ved å byggja desse lokala i same bygning kunne skapa god sambruk av kvarandre sine lokale, samstundes som dette vart ein rimelegare måte å byggja på for kommuna og det vart også ei praktisk plassering i forhold til Kyrkja. Frå det kom tanken om å få til ein menighetssal i tilknytning til dette bygget. Det vart oppretta ei byggenemnd bestående av Svein Viljugrein, Ola O. Jordheim, Birgit Jordheim og Olaf Grøndalen Grohaug. Kyrkjestugu vart innvigd 1. mai 1982. Den er ikke vigsla.

Tomt i gåve

På midten av 70 tallet fekk kyrkja tilbod om ei tomt til menighetshuset frå ekteparet Erik og Vera Grøthe. Tomta låg på Trøim og kom frå Knut J. Grøthe sitt dødsbu. Dette var ei sentrumsnær tomt i kort avtand til kyrkja som Soknerådet (SR-sak: 13/76 og 20/76) meinte var bra eigna til å bygge nytt menighetshus. Soknerådet vurderte også eit tomt ovanfor bårhuset ved kyrkja, men denne tomta vart vurdert som for liten. Soknerådet gjekk derfor inn for å kjøpa tomta frå Knut J. Grøthe sitt dødsbu (låg rett bortom der Trøims-hallen er i dag) som kunne brukas til nytt menighetshus.

Kyrkja sa frå seg denne tomta då det vart bestemt at dei skulle byggas nytt i forsamlingsloka samband med skulen. Det finnes ikkje noko meir om tomta i referat frå soknerådet etter at saka var oppe i 1976 (SR sak 20/76) .

Dugnad og kostnad ved bygging av Kyrkjestugu.

Då ungdomsskule- og Kyrkjestugubygget vart reist i 1981, vart bygningen oppsett og kosta av Hemsedal kommune. Soknerådet kosta og stod for innreiinga av grunnhøgda ved dugnadsinnsats. Kyrkjelyden kjøpte inn, av eigne middel, inventar til heile grunnhøgda som stod ferdig i 1982. Dette var same mal som den fyrste menighetssalen, der kyrkja kosta alt på innsida. Så soknerådet innreidde for andre gong en menighetssal.

Råbygget til Kyrkjestugu vart kostnadsrekna til 800.000 kr. Innvendig arbeid som vart utført på dugnad vart berekna til 790.000 kr. Det har også vore utført betydeleg dugnadsinnsats i åra som er gått sidan huset stod ferdig.

Eksklusiv bruksrett

Då Kommunestyret handsama vedtektene for Kyrkjestugu i sak 181/79 var det i forkant framlegg frå soknerådet til Formannskapet (F 418/79) om at kyrkja skulle eiga huset sjølv. Formannskapet vedtok imidlertid at behovet til Hemsedal kyrkjelyd ville bli ivareteke ved at dei fekk disposisjonsretten over lokalane. Soknerådet vart gjeve disposisjonsretten til grunnhøgda med storesal, veslesal, kontor, lager, kjøken, toalett og korridor/garderobe. Det vil si at Kyrkjestugu fekk ein eksklusiv bruksrett som er særmerkt for Kyrkjestugu samanlikna med andre bygg i kommunen. Kyrkjestugu vart bygget for å erstatta ein menighetssal ein mista og ville ikkje vore bygd utan at det var planlagt ny menighetssal.

Utleige og bruk

Soknerådet har godt samarbeid med ulike lag og foreiningar om både fast og periodevis bruk og leie av Kyrkjestugu. Skulen bruker òg Kyrkjestugu ved ulike høve, utan kostnad, og det blir leigd ut til private.

Kyrkjestugu som forsamlingslokale

Kyrkjestugu er i Hemsedal eit spesielt lokale som mange har tilknytning til. Det er eit lokale med lågterskel på det aller meste som blir arrangert og det har nær tilknytning til skule og bibliotek. Akustikken er heilt spesiell og det er lange tradisjonar i veggene.

Livssynsåpent seremonirom

Kyrkjestugu dekker kravet kommunen har om å tilby et livssynsåpent seremonirom.

Kva er et livssynsåpent seremonirom?

«Rom eller bygg som er utforma slik at menneske som er medlemmer i ulike livssynssamfunn, og menneske som ikkje er medlemmer i noko livssynssamfunn, kan bruke lokalet til seremoniar ved overgangar i livsfase som namnefest, bryllaup og gravferd. Lokalet kan nyttast til fleire føremål enn seremoniar.»

Kyrkjekontoret er gravferdsmyndigheit i Hemsedal og skal legge til rette for gravferd uansett livssyn. Det må derfor være et egna lokale for dei som ikkje ønsker gravferd i kyrkja. Her er Kyrkjestugu bra plassert med tanke på tilgang for bårebil, seremoni og minnesamvær.

Les gjerne artikkelen: «Gravlegg meg, men ikkje i gymsalen»; kronikk i Aftenposten i 2021 av forfattaren Agnes Ravatn. Denne viser viktigheita av å ha verdige seremonilokale som er livssynsåpne. Utan Kyrkjestugu må kommunen finna eigna lokale til dette på annan stad.